

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: 26.11.2010

Stad: Gol, Gol kommunehus

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Torleif Dalseide,	Ål kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Rådmannsutvalet deltok i sak 62 og 67.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen, Runolv Stegane og regionkontakt Terje Moen

SAK 61/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.10.2010

Vedtak

Møteprotokoll 29.10.2010 vart vedteke.

SAK 62/10 ÅRLEG MØTE MED HALLINGDAL UNGDOMSRÅD

Hallingdal Ungdomsråd orienterte om kva HUR arbeidar med, som m.a. er:

- Kollektivtransport
- ”Trygt hjem for en 50-lapp”
- Ungdommens Fylkesting
- Profilering av Hallingdal Ungdomsråd
- Kurs og konferansar
- Felles arrangement eks. ”Skummelt oppdrag”

Vedlagt eigen presentasjon.

HUR tok opp nokre konkrete saker der dei ynskte engasjement og hjelp frå m.a. Regionrådet.

Busskort:

HUR ynskjer eit samla busskort for alle busselskapa som køyrer gjennom Hallingdal. Ut frå at det er svært få avgangar pr. dag, er det og eit sterkt ynskje om å inkludere togavgangane til NSB, og få eit samla busskort/miljøkort. HUR meiner og at for at dette skal vera eit godt tilbod må busskort/miljøkort i Hallingdal vera billigare enn i byane, der det er mange fleire tilbod.

Hybelpass

Skuleelevar som bur heime får gratis skoleskyss medan hybelbuarar må betala sjølve. HUR har rekna ut at dette kostar mellom 85 og 100 kroner kvar veg og med tur heim kvar helg blir kostnadane om lag 800 kroner i månaden.

HUR ynskjer eit hybelpass som skal vera gratis og som gir hybelbuarar ein tur/retur til heimen kvar helg.

Fleire bussavgangar

Det er eit ynskje at fleire av rutene som blir køyrt mandag-fredag også blir køyrt i helgene, spesielt gjeld dette bussavgangar på ettermiddag/kveldstid.

Trafikktryggleik

HUR uttrykte ei generell bekymring for trafikktryggleiken på buss.

- Det vart peika på at mange elevar ved dei vidaregåande skulane både på Gol og Ål må stå på bussen til og frå skula kvar dag. HUR meiner at kapasiteten må aukast på fleire av strekningane.
- HUR meiner det må bli eit krav at alle bussar har installert bilbelte.
- Det vart og teke opp at bussjåførar som nyttar mobiltelefon under køyring må bruke løysingar som er forsvarlege og godkjente.

Tiltak og problemstillingar i forhold til kollektivtransport vil Regionrådet for Hallingdal ta opp med Buskerud fylkeskommune og deira selskap Buskerud kollektivtrafikk. I tillegg er pågående arbeid med kollektivtrafikkplan for Buskerud, ein viktig kanal for betring av kollektivtrafikken, også i distrikta.

Kunstgrasbanen på Gol

HUR hadde eit klart ynskje om at kunstgrasbanen på Gol må få nytt dekke. Dette er eit tiltak som Gol kommune er klar over, og som blir vurdert i samband med budsjettet for 2011.

Fri til arbeid som tillitsvald og til politisk arbeid

Frå 1.8.2010 vart ramma for føring av fråvær på vitnemålet stramma inn og vart redusert frå 14 til 10 skuledagar pr. opplæringsår. Dette vart gjort først og fremst for å redusere misbruk, men rammar også engasjert ungdom som driv politisk arbeid og som tillitsvalde.

HUR opplever det som urimelig at elever med samfunnsengasjement har fått redusert sine mogelegheiter og ynskjer at Regionrådet ser på denne saka.

SAK 63/10 VAL AV REPRSENTANT TIL OVERORDNA SAMARBEIDSUTVAL FOR KOMMUNEHELSESAMARBEIDET VESTRE VIKEN

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal har valt Odd Egil Stavn som Hallingdal sin representant til overordna samarbeidsutval (OSU) for kommunehelsesamarbeidet Vestre Viken.

SAK 64/10 INFORMASJON/DRØFTING OM REISELIVSPLAN BUSKERUD FYLKESKOMMUNE OG RAPPORT VERDISKAPNING FRÅ HYTTER

Bente Bjerknes, Buskerud fylkeskommune informerte kort om reiselivsplanen og inviterte seg til den einskilde kommune for nærmare orientering.

Jan Velvin ved Høgskolen i Buskerud gjekk gjennom rapport der det er vurdert kva hyttebasert reiseliv genererer av økonomisk verdiskapning for kommunar i Buskerud (http://www.bfk.no/getfile.aspx/document/epcx_id/3700/epdd_id/4558).

SAK 65/10 UTGREIING OM DISTRIKTSSTRUKTUREN I POLITI- OG LENSMANNSETATEN, DRØFTING

Regionrådet drøfta mogelege konsekvensar for Hallingdal i samband med resultatreforma i politi- og lensmannsetaten. Det vart bestemt at lensmennene skal inviterast til møte i Regionrådet i desember (2010) eller januar (2011).

SAK 66/10 EVENTUELTT

Utdanningsprogram for Naturbruk

I samband med fylkestinget sitt vedtak om "Helhetlig og langsiktig plan for det framtidige skoletilbuet i Buskerud fylke" vart det bestemt at naturbrukstilboret ved Ål vgs, avd. Lien skulle vurderast nærmare:

- Det utredes et naturbruksstilbud ved Ål vgs, avd Lien, inn i en fjellregionstrategi. Skolen må ha et fagskoletilbud tilpasset fjellregionlandbruket med fokus på det mulitfunksjonelle / mangesysleriet naturbruken i fjellbygdene er avhengig av.
- Statlige og lokale myndigheter og organisasjoner inviteres til å delta i utredningsarbeidet. Økonomiske og administrative utfordringer belyses for alle alternativene både på kort og lengre sikt. Innstillingen legges fram for behandling juni 2011.

I samband med utgreiing om fagskule for naturbruk er det ynskjeleg at Regionrådet deltek med 2 personar.

Vedtak:

Torleif Dalseide og Knut Arne Gurigard vart valt til Regionrådet for Hallingdal sine representantar i arbeidet med utgreiing av fagskule for naturbruk ved Lien.

Høyring om flyruter på Fagernes Lufthavn, Leirin

I samband med tilbod på regionale flyruter i Norge frå 1. april 2012, er det ei høyring om m.a. flyruter på Fagernes Lufthavn, Leirin. Regionrådet drøfta om det kunne vera aktuelt å gje ei uttale frå Hallingdal.

Ut frå drøftingar skal dagleg leiar utarbeide forslag til uttale med støtte til flyrute til Trondheim. Flyrute til Bergen vil vera mindre aktuelt, der det er naturleg at Hallingdal prioriterar utvikling av Bergensbanen.

Buss Gardermoen - Hønefoss

Det er frå fleire hald ytra ynskje om eit bussamband mellom Gardermoen-Hønefoss, som korresponderar med tog til/frå Hallingdal. Dagleg leiar kontaktar Buskerud kollektivtrafikk for nærmare vurderingar.

SAK 67/10 EVALUERING AV NATTLEGEVAKT (tilleggssak)

Samarbeidsutvalet for Hallingdal nattlegevakt har lagt fram si evaluering av interkommunal, felles nattlegevakt for Hallingdal. Øystein Lappegard gjekk gjennom evalueringa, (presentasjon, vedlegg 2). Tilrådinga frå samarbeidsutvalet er at:

- Felles interkommunal nattlegevakt for Hallingdal vert vidareført som ei permanent ordning.
- Hallingdal nattlegevakt vert lokalisert til Hallingdal sjukestugu.
- Spørsmål om endring i driftsorganisering og vidareutvikling av nattlegevakta skal innarbeidast i prosjektarbeidet om samhandlingsreforma i Hallingdal.
- Justert samarbeidsavtale vert lagt til grunn for Hallingdal nattlegevakt.
- Vertskommunen må gjennom dialog med Vestre Viken HF og Hallingdal sjukestugu finne fram til meir tenlege samarbeidsformer

Vedtak

Rådmannsutvalet får ansvaret for å utarbeida ei felles sak for vidare handsaming i den einskilde kommune.

Ål 8.12.2010

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Presentasjon Hallingdal Ungdomsråd, sak 62/10

Vedlegg 2: Presentasjon, evaluering nattlegevakt, sak 67/10